



VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret

Møtestad: Uppheim Volda

Dato: 26.10.2017

Tid: 14:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøy	Medlem	AP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangersnes	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Uthman Suheil Rajeh Abu	Medlem	AP
Harbid		
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Åshild Vik	Medlem	SV



VOLDA KOMMUNE

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anne Lise Fredly	Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	AP
Jenny Venås	Edvin Dale	FRP
Egil Berg	Odd Arne Folkestad	FRP
Ivar-Otto Kristiansen	Sindre Rotevatn	H
Hans Peter Eidsefot	Sølvi Dimmen	SP
Anne Natvik	Åshild Vik	SV

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Svein Berg-Rusten	Konst. helse- og omsorgssjef

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 106/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 107/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 108/17	Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen
PS 109/17	Tertiairrapport 2017
PS 110/17	VØR - Utviding av låneramme
PS 111/17	Næringsssituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret
PS 112/17	Høyring om lokal forskrift om rett til sjukeheimslass eller tilsvarannde bustad med heildøgnstenester
PS 113/17	Bygging av breiband (ekom anlegg - fiber) frå Halkjelsvik til Folkestad



VOLDA KOMMUNE

- PS 114/17 **Tilrettelegging for borgerlege vigslar i kommunen**
- PS 115/17 **Val av Volda kommune sine representantar i styret for
Volda Skisenter 2017-2019**
- FO 3/17 **Grunngjeve spørsmål frå Arild Iversen - Behov for
skulebygg i Austefjord og Hornindal**
- PS 116/17 **Orienteringssaker**
- OS 58/17 **Svar på søknad om grensejustering i Bjørke-Viddal -
Innbyggarinitiativ etter inndelingslova**
- OS 59/17 **Sjukefråvær 2.kvartal 2017**
- OS 60/17 **Avslutting av tilsyn - Volda kommune - pasient og
brukerrettighetslova kap 4A**
- OS 61/17 **Retningsliner for varsling etter arbeidsmiljølova § 2A**
- OS 62/17 **Møteprotokoll kontrollutvalet 20.09.2017**
- OS 63/17 **Referatsak til Kommunestyret - Notat og presentasjonar frå
samling i Folkevaltnettverket 18. oktober 2017**
- PS 117/17 **Delegerete saker frå avdelingane**
- DS 160/17 **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 10/7**
- DS 161/17 **Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 13/95**
- DS 162/17 **Ferdigattest, tomannsbustad gbr18/312**
- DS 163/17 **Ferdigattest, bustad og garasje Gbr 18/8**
- DS 164/17 **Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 19/190**
- DS 165/17 **Løyve til tiltak, mellombels bruksendring Gbr 19/501/11**
- DS 166/17 **Ferdigattest, mellombels bruksendring Gbr 19/501/11**
- DS 167/17 **Ferdigattest, tilbygg Gbr 27/81**
- DS 168/17 **Løyve til tiltak, mellombels bygning Gbr 30/196**
- DS 169/17 **Løyve til tiltak, riving av naust Gbr 130/1**



VOLDA KOMMUNE

PS 106/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var 27 møtande ved møtestart.

Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publiserte på heimesida den 19.10.2017. Møtet vart annonsert i «Møre» den 21.10.2017.

Dokument lagt ut på lesebrettet den 25.10.17:

- Vedtak formannskapet i sak 110/17 – VØR – Utviding av låneramme
- Notat og presentasjonar frå samling i Folkevaltnettverket 18. oktober 2017

Dokument delt ut i møtet:

Grunngjeve spørsmål frå Arild Iversen og svar frå ordføraren: Behov for skulebygg i Austefjord og Hornindal.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Røysting innkalling:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om at ettersendt orienteringssak, *Notat og presentasjonar frå samling i Folkevaltnettverket 18. oktober 2017*, vert sett på saklista.

Ordføraren informerte om at det vert valnemndmøte i pausen kl. 16.00 og kom med framlegg om at PS 115/17 vert handsama etter pausen.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om møteprotokollen frå sist møte var offentleggjort. Ordføraren informerte om at møteprotokollen ligg i møtemappa.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om PS 112/17 skulle handsamast i formannskapet, før handsaming i kommunestyret.

Gunnar Strøm gav ros for val av song på nynorsk og bruk av bilete.

Røysting:

Saklista, med tillegg frå ordføraren og spørsmål frå Gunnar Strøm, vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

PS 107/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 28.09.17 vart samrøystes godkjent.

PS 108/17 Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen

Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 18.10.2017 til kommunestyret

1. *Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.*
2. *Kommunestyret legg til grunn at det skal vere kommunal barnehagedrift på Lauvstad, Folkestad og Mork også i framtida.*
3. *Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage.*

Handsaming:

Krf v/Erlend Krumsvik kom med slikt framlegg til nytt punkt 1:

Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på (1) barns beste, (2) pedagogiske konsekvensar, (3) kapasitet, (4) lokalisering og (5) økonomi, for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.

Røysting (27 røysteføre):

Det vart opna for debatt kring formulering av vedtak.

Erlend Krumsvik bad om punktvis røysting.

Erlend Krumsvik kom med nytt punkt 4:

Utgreininga skal også vurdere i kva grad private/ideelle aktørar kan overta ansvar for barnehagar.

Prøverøysting punkt 1.



VOLDA KOMMUNE

Tilrådinga frå tenesteutval for opplæring og kultur fekk 14 røyster og framlegget frå Erlend Krumsvik fekk 13 røyster.

Endeleg røysting:

Punkt 1:

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå tenesteutvalet for oppvekst og kultur og framlegget frå Erlend Krumsvik. Tilrådinga frå tenesteutvalet for oppvekst og kultur fekk 19 røyster og vart vedteken, framlegget frå Erlend Krumsvik fekk 8 røyster og falt.

Punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 4:

Framlegget frå Erlend Krumsvik fekk 13 røyster og falt, 14 røysta imot.

Det vart røysta kontra, 14 røysta imot og 13 røysta for.

Framlegget frå Erlend Krumsvik fekk 13 røyster og falt, 14 røysta mot.

Vedtak i kommunestyret - 26.10.2017:

1. *Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.*
2. *Kommunestyret legg til grunn at det skal vere kommunal barnehagedrift på Lauvstad, Folkestad og Mork også i framtida.*
3. *Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage.*

PS 109/17 Tertialrapport 2017

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

1. *Tertialrapport 2017 vert teken til vitende, og kommunestyret vedtek slike budsjettdringar:*

Auke i Fri inntekter	1,6 mill kr
Reduksjon i eigedomsskatt	0,1 mill kr
Reduksjon i renteutgifter	2,4 mill kr
Auke i tilskot flyktningar	2,2 mill kr
Auke i finansinntekter/avkastning	0,5 mill kr
Auke i ramme Introduksjonsprogram	2,0 mill kr
Auke i ramme til Helse og omsorg	3,6 mill kr



VOLDA KOMMUNE

<i>Auke i ramme Politisk</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Kino</i>	<i>0,5 mill kr</i>
2. <i>Finansrapport (passiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).</i>	
3. <i>Finansrapport (aktiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr.2).</i>	

Handsaming:

SP, v/Odd Harald Sundal, kom med slikt oversendingsframlegg til formannskapet:

Kommunestyret ber rådmannen prioritere førebuing av sjukefråværsprosjekt i 2018, der ein haustar erfaringar frå andre liknande vellukka prosjekt.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Oversendingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 26.10.2017:

1. *Tertiarrapport 2017 vert teken til vitende, og kommunestyret vedtek slike budsjettendringar:*

<i>Auke i Frie inntekter</i>	<i>1,6 mill kr</i>
<i>Reduksjon i eigedomsskatt</i>	<i>0,1 mill kr</i>
<i>Reduksjon i renteutgifter</i>	<i>2,4 mill kr</i>
<i>Auke i tilskot flyktingar</i>	<i>2,2 mill kr</i>
<i>Auke i finansinntekter/avkastning</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Introduksjonsprogram</i>	<i>2,0 mill kr</i>
<i>Auke i ramme til Helse og omsorg</i>	<i>3,6 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Politisk</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Kino</i>	<i>0,5 mill kr</i>

2. *Finansrapport (passiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).*
3. *Finansrapport (aktiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr.2).*

Oversendingsframlegg frå kommunestyret 26.10.2017 til formannskapet:

Kommunestyret ber rådmannen prioritere førebuing av sjukefråværsprosjekt i 2018, der ein haustar erfaringar frå andre liknande vellukka prosjekt.



VOLDA KOMMUNE

PS 110/17 VØR - Utviding av låneramme

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

Selskapsavtalen til VØR, § 12 Låneopptak vert endra til:

Styret kan ta opp lån til kapitalformål og til konvertering av eldre gjeld innanfor ei samla ramme på inntil 100 mill. kroner.

Lån til einskildprosjekt skal godkjennast ev eigarkommunane, dersom vedkomande lån er på 25 mill. kroner eller meir.

Styret kan og ta opp lån til likviditetsformål innanfor ei ramme på 8 mill. kroner. Likviditetsslån må gjerast opp før rekneskapsavslutninga for vedkomande år, med mindre lånet er tatt opp for å dekkje underskot, som ifølgje selskapets økonomiplan skal dekkjast over fleire år. Selskapet sine eignelutar kan pantsetjast som trygd for lån.

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet 17.10.2017 til kommunestyret vart ettersendt 26.10.2017.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 26.10.2017:

Selskapsavtalen til VØR, § 12 Låneopptak vert endra til:

Styret kan ta opp lån til kapitalformål og til konvertering av eldre gjeld innanfor ei samla ramme på inntil 100 mill. kroner.

Lån til einskildprosjekt skal godkjennast ev eigarkommunane, dersom vedkomande lån er på 25 mill. kroner eller meir.

Styret kan og ta opp lån til likviditetsformål innanfor ei ramme på 8 mill. kroner.

Likviditetsslån må gjerast opp før rekneskapsavslutninga for vedkomande år, med mindre lånet er tatt opp for å dekkje underskot, som ifølgje selskapets økonomiplan skal dekkjast over fleire år. Selskapet sine eignelutar kan pantsetjast som trygd for lån.

PS 111/17 Næringsituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøl prinsippet til kok-server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.



VOLDA KOMMUNE

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går kommunestyret inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (vedlegg til saka lagt fram i formannskapet).

Kommunestyret bed om at administrasjonen vidarefører pågående ernæringsprosjektet for brukarane.

Kommunestyret ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. Kommunestyret ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

Kommunestyret ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.

Handsaming:

Konst. helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke

Vedtak i kommunestyret - 26.10.2017:

Kommunestyret går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøl prinsippet til kok-server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går kommunestyret inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (vedlegg til saka lagt fram i formannskapet).

Kommunestyret bed om at administrasjonen vidarefører pågående ernæringsprosjektet for brukarane.

Kommunestyret ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. Kommunestyret ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

Kommunestyret ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.



PS 112/17 Høyring om lokal forskrift omrett til sjukeheims plass eller tilsvarende bustad med heildøgnstjenester

Samråystes tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 12.10.2017

Tenesteutvalet for helse- og omsorg viser til plikt for kommunen til å utarbeide forskrift om tildeling av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester, inkludert kriterier for tildeling og retningslinjer om venteliste.

Tenesteutval for helse- og omsorg går inn for forskrifter slik ho er lagt fram frå administrasjonen.

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå tenesteutvalet for helse- og omsorg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 26.10.2017

Kommunestyret viser til plikt for kommunen til å utarbeide forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester, inkludert kriterier for tildeling og retningslinjer om venteliste.

Kommunestyret går inn for forskrifta slik ho er lagt fram frå administrasjonen.

PS 113/17 Bygging av breiband (ekom anlegg - fiber) fra Halkjelsvik til Folkestad

Tilråding i formannskapet - 02.10.2017 til kommunestyret:

1. Volda kommunestyre vedtek utbygging av ekom-anlegg (fiber) til Folkestad til ei kostandsramme på kr 1 963 000 (inkl.mva).
 2. Finansiering:

Bruk av ubunde kapitalfond kr 1 570 000

Det vert søkt om statleg tilskot til gjennomføring av anlegget. Eventuelt statleg tilskot kjem til fråtrekk og skal førast attende til ubunde kaptialfond.

3. Anlegget vil medføre reduserte utgifter med lineleie med ca kr 15 000 pr år. Vidare vil fullt utbygt anlegg kunne ha potensial for årlege inntekter, noko som ein også må kome attende til gjennom justeringsreglane for momshandtering.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke

Vedtak i kommunestyret - 26.10.2017:

1. *Volda kommunestyre vedtek utbygging av ekom-anlegg (fiber) til Folkestad til ei kostandsramme på kr 1 963 000 (inkl.mva).*

2. Finansiering:

Momskompensasjon	kr 393 000
Bruk av ubunde kapitalfond	kr 1 570 000

Det vert søkt om statleg tilskot til gjennomføring av anlegget. Eventuelt statleg tilskot kjem til fråtrekk og skal førast attende til ubunde kaptialfond.

3. *Anlegget vil medføre reduserte utgifter med lineleie med ca kr 15 000 pr år. Vidare vil fullt utbygt anlegg kunne ha potensial for årlege inntekter, noko som ein også må kome attende til gjennom justeringsreglane for momshandtering.*

PS 114/17 Tilrettelegging for borgerlege vigslar i kommunen

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

1. *Den kommunale vigselsretten blir i Volda utført av ordførar, varaordførar eller administrasjonen.*
2. *Vigsel kan finne stad i kontortida på vekedagar. Vigselstidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigslaren.*
3. *Vigsel i communal regi finn stad på rådhuset, anten på ordførar sitt kontor eller på møterom Voldsfjorden i første etg. på rådhuset.*
4. *Vigsel i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid må avtalast med vigslaren, og der kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.*
5. *Det administrative ansvaret for vigselsordninga blir delegert til rådmannen. Rådmannen får i oppgåve å tilrettelegge for at vigslane kan finne stad innanfor verdige rammer.*

Handsaming:

Fride Sortehaug kom med slikt framlegg til nytt punkt 1:

Den kommunale vigselsretten blir i Volda utført av ordførar, varaordførar og leiar for kultur og service.



VOLDA KOMMUNE

Ivar Otto Kristiansen bad om skriftleg røysting.

Margrete Bjerkvik kom med framlegg om å stryke *eller administrasjonen* i punkt 1.

Margrete Bjerkvik endra framlegget sitt til *formannskapets medlemer* erstattar administrasjonen i punkt 1.

Ordføraren kom med framlegg om å stryke punkt 1.

Ivar Otto Kristiansen trekte kravet om skriftleg røysting.

Fride Sortehaug trekte framlegget sitt.

Margrete Bjerkvik trekte framlegget sitt.

Ordføraren kom med slikt framlegg punkt 1:

Den kommunale vigselsretten blir i Volda utført av ordførar eller varaordførar.

Røysting (27 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet punkt 1 og framlegget frå ordføraren. Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke, tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster og falt.

Punkt 2-5 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 26.10.2017

1. *Den kommunale vigselsretten blir i Volda utført av ordførar eller varaordførar.*
2. *Vigsel kan finne stad i kontortida på vekedagar. Vigselstidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigslaren.*
3. *Vigsel i kommunal regi finn stad på rådhuset, anten på ordførar sitt kontor eller på møterom Voldsfjorden i første etg. på rådhuset.*
4. *Vigsel i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid må avtalast med vigslaren, og der kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.*
5. *Det administrative ansvaret for vigselsordninga blir delegert til rådmannen. Rådmannen får i oppgåve å tilrettelegge for at vigslane kan finne stad innanfor verdige rammer.*



VOLDA KOMMUNE

PS 115/17 Val av Volda kommune sine representantar i styret for Volda Skisenter 2017-2019

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 26.10.2017:

Saka vert utsett.

FO 3/17 Grunngjeve spørsmål frå Arild Iversen - Behov for skulebygg i Austefjord og Hornindal

Grunngjeve spørsmål frå Arild Iversen, med svar frå ordføraren, vart delt ut i møtet.

PS 116/17 Orienteringssaker

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

OS 58/17 Svar på søknad om grensejustering i Bjørke-Viddal - Innbyggarinitiativ etter inndelingslova

OS 59/17 Sjukefråvær 2.kvartal 2017

OS 60/17 Avslutting av tilsyn - Volda kommune - pasient og brukerrettighetslova kap 4A

OS 61/17 Retningsliner for varsling etter arbeidsmiljølova § 2A

OS 62/17 Møteprotokoll kontrollutvalet 20.09.2017

OS 63/17 Referatsak til Kommunestyret - Notat og presentasjonar frå samling i Folkevaltnettverket 18. oktober 2017

PS 117/17 Delegerte saker frå avdelingane

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene for avdelingane.



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 17:10

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
27.10.2017

Sonja Håvik
konsulent